

Martin Byrkjeland

# **Arbeidstidsordningar for baseverksemndene**

Rapport frå prosjektet



Martin Byrkjeland

**Arbeidstidsordningar for baseverksemndene**  
Rapport frå prosjektet

© Forskningsstiftelsen Fafo 1999  
ISSN 0804-5135

# Innhold

<b>1 Kort prosjekthistorie .....</b>	<b>5</b>
<b>2 Viktigaste observasjonar .....</b>	<b>6</b>
<b>3 Konklusjonar om arbeidstidsordningar .....</b>	<b>7</b>
<b>4 Generelle konklusjonar og synspunkt .....</b>	<b>10</b>
<b>Delrapport I: Driftsmønsteret i Tananger og Dusavika .....</b>	<b>12</b>
Driftsmønsteret .....	12
Arbeidstidsordninga .....	16
Konklusjon .....	18
<b>Vedlegg: Analyse av føreslått arbeidstidsordning i forhold til driftsmønsteret i 1998 .....</b>	<b>20</b>
Konklusjon .....	22
<b>Delrapport II: Resultat av spørreundersøkelsen blant de ansatte .....</b>	<b>23</b>
Utvalget .....	23
Generell oppfatning .....	24
Eventuelle problemer som følge av arbeidstida .....	25
Forskjell mellom Tananger og Dusavika .....	27
Åpne spørsmål om mest negative og mest positive sider ved arbeidstida .....	28
Konklusjon .....	31
<b>Vedlegg 1: Svar på åpne spørsmål om positive og negative faktorer ved arbeidstida .....</b>	<b>32</b>
<b>Vedlegg 2: Spørreskjema .....</b>	<b>35</b>



# 1 Kort prosjekthistorie

Prosjektet har sin bakgrunn i at Aker Base ved personalsjef Øyvind Linnlund tok kontakt med Fafo 21. august 1998 for å drøfte om Fafo kunne gjennomføre ein analyse av arbeidstidssystemet ved Aker Base. Bedrifta, som eig og driv forsyningsbasar for oljeverksemda utaskjær og hamneverksemde for oljeutvinning og godsskipstrafikk, hadde i fleire år arbeidd med å finne fram til ei tilfredsstillande arbeidstidsordning. Årsaka til dette er at aktiviteten på basen varierer sterkt både i døgeret og gjennom veka. Det var vanskeleg å finne fram til ei arbeidstidsordning som dekka aktivitetsmønsteret. Driftsleiinga fann at eksisterande ordning gav låg utnyttingsgrad og at den følgjeleg var dyr. Samtidig hadde tariffpartane ved førre oppgjer i ei protokolltilførsle til tariffavtalen (avtalen for basebedriftene mellom OLF og NOPEF) forplikta seg å greie ut arbeidstidsproblematikken, helst innan årsskiftet 1998/99. Det var sett ned eit utval som skulle ta seg av dette, med representantar frå OLF, NOPEF og baseverksemndene.

Forespørsla resulterte i at Fafo blei invitert til eit møte i arbeidstidsutvalet OLF/NOPEF 18. September 1998. Fafo presenterte her resultat frå tidlegare arbeid med arbeidstidsordningar i bedrifter, samt kva metodikk som var blitt nytta, og føreslo eit opplegg for ei undersøking på basebedriftene.

På bakgrunn av dette blei Fafo beden om å legge fram eit forslag til prosjekt. Arbeidstidsutvalet hadde peika ut Aker Base som objekt for undersøkinga, men presiserte at erfaringane frå prosjektet skulle kunne nyttast også ved andre basebedrifter.

Kontrakt for prosjektet «Arbeidstidsordningar på Aker Base» blei underteikna mellom Fafo og OLF i desember 1998. Prosjektet blei starta onsdag 16. desember med eit møte med dei involverte partane på Aker Base i Tananger. Møtet fastsette ein detaljert prosjektplan og konstituerte ei arbeidsgruppe med representantar for driftsleiing og arbeidarar på dei tre driftsområda som deltok i prosjektet, Dusavika, Operasjonen og Hamneterminalen i Tananger, pluss personalleiing og bedriftshelseteneste ved Aker Base.

Prosjektet har føregått i tidsrommet januar til april 1999. Det har vore i alt 5 møter med arbeidsgruppa inkludert startmøte. I dagane 16. desember 1998 og 6. og 7. januar 1999 blei det gjennomført personintervju av utvalde representantar for tilsette, driftsleiing og bedriftshelseteneste ved Aker Base, i alt 15 personar.

Det blei i dagane 1. til 5. februar gjennomført ei spørjeskjemaundersøking blant alle basearbeidarar og arbeidsleiing i Tananger og Dusavika. Undersøkinga blei presentert for og drøfta med arbeidsgruppa 9. mars.

Ved prosjektstart blei det frå driftsleiinga i Tananger gjort klart at innteninga ved Basen gjorde at detasta med å få gjort noko med arbeidstida. Parallelt med prosjektet har derfor ei separat arbeidsgruppe på Tananger-basen drøfta endra arbeidstidsordning og lagt fram eit forslag. Dette forslaget er blitt analysert som del av prosjektet (vedlegg til delrapport I):

Referansegruppa vedtok 26. mars å prøve ut den føreslattede ordninga i ein periode, for så å evaluere resultata. Dette blei gjort i tida slutten av april til midten av juni. På møte

mellan partane på bedrifa 21. juni gav NOPEFs avdeling 11 melding om at den ikkje ønska å føre vidare ordninga fordi den fann arbeidsmengda for stor, særleg i helgane.

Prosjektet har såleis hatt to hovuddelar; ein analyse av dei tilsette si oppfatning av arbeid og arbeidstid, og forslag til alternative ordningar basert på ei spørjeskjemaundersøking, og ein analyse av driftsmønsteret på dei to basane basert på laste- og lossestatistikk. Dei to delane er presentert i kvar sin delrapport.

## 2 Viktigaste observasjonar

### Dei tilsettes syn på arbeidstid

- Spørjeundersøkinga avslører ingen stor vilje til å forandre på arbeidstidssystemet. Det er liten misnøye med dagens ordning. Det er ikkje særleg mange forslag om andre arbeidstidsordningar.
- I den grad det blir fremja synspunkt om andre ordningar, merkjer to seg ut: Det blir ytra ønske om å avslutte skift/beredskapsveker framføre ei helg, for å kunne kvile seg ut til neste ordninære arbeidsveke, altså skift/beredskapsveker som går fredag til fredag, og det er ein del som vil ha alt arbeid utanfor dags tid som overtid.
- Viktigaste grunn til at dei tilsette er nøgde med dagens arbeidstidssystem, er den fleksibilitet det gjev. Tidsbanken, altså høvet til å spare opp meir arbeid og ta det ut som fritid, er mykje nytta, og dei tilsette er i stor grad nøgde med denne.
- Når det gjeld plager og ulemper som kan følgje av uregelmessig arbeidstid og høgt arbeidspress, er det ein klar forskjell mellom basane. I Dusavika er det omrent ingen som gjev utsyn for å ha slike problem, medan om lag ein tredjedel av dei som har svara i Tananger, opplyser å ha problem, og er elles kritiske til arbeidstidssystemet.
- Det ser også ut til at dei tilsette i Dusavika har lettare for å nytte seg av tidsbanken enn dei i Tananger.
- Uregelmessig arbeidstid og stort arbeidspress gjev seg ikkje i særleg grad utslag i helseplager som fører til sjukefravær. Dette er lågt ved Aker Base.
- Overtidsbruken er så stor at det gjev grunn til uro, og den er stor ved begge basane.

### Driftsmønsteret

- Driftsmønsteret er høgst ulikt på dei to basane. I *Dusavika*, som hovudsakleg tar seg av forsyningsskip, er aktiviteten stort sett innanfor tidsrommet 8 til 20 mandag til fredag med ein topp mellom 12 og 16. Det skjer også ein heil del lasting/lossing laur-

dagen mellom kl 8 og kl 16. I denne tida er det også høg kapasitetsutnytting med gjennomsnittleg meir enn ein båt inne heile tida.

- Det skjer lasting/lossing også utanfor desse tidene, men langt meir sporadisk. Særleg er det ein tendens til at arbeid som startar på kvelden, strekkjer seg ut over natta, og det er ein del arbeid på søndagen. Dette kan forklare den relativt store overtidsbruken som det er i Dusavika.
- I *Tananger* skjer hovuddelen av lasting/lossing på kyst- og nordsjøfraktefartøy. Både anlaupsmønster og laste og lossetid er høgst varierande, noko som fører til eit uregelmessig driftsmønster. Aktiviteten følgjer eit annakvardagsmønster med toppar mandag, onsdag, fredag og søndag. Den er særleg stor mandagen.
- Utanom føremiddagen mandagen, som har den klart største aktiviteten i veka, og dagtid fredag, er aktiviteten spreidd over heile døgeret. I motsetning til i Dusavika, der det praktisk talt ikkje skjer lasting/lossing før klokka 8 om morgonen, kjem skip i Tananger ofte inn sein natt og tidleg morgen.
- Bortsett frå mandag og i nokon grad fredag, er det låg kapasitetsutnytting med i snitt skip inne mindre enn ein fjerdedel av tida.

### 3 Konklusjonar om arbeidstidsordningar

#### Dusavika

Vi ser ikkje nokon grunn til å endre på dagens ordning i Dusavika som ser ut til å vere godt tilpassa driftsmønsteret og som dei tilsette er nøgde med, men det kan vurderast å la skiftveka gå fredag til fredag for å kunne avslutte den framføre ei helg.

#### Tananger

Det er tre forhold som skapar problem i Tananger: for det første er det berre ein mindre del av tida at det ligg skip ved kai. Dette gjer at faste arbeidsordningar med fast oppmøte og samanhengande økter vil føre til låg kapasitetsutnytting. Det har lege utanfor dette prosjektet å vurdere om periodar utan skip kunne vore nytta til anna arbeid for å auke kapasitetsutnyttinga i faste skift.

For det andre er anlaupa uregelmessige og spreidde i tid. Sjølv om det er råd å påvise eit visst mønster, er aktiviteten for lite koncentrert til at faste ordningar med skift eller forskyvd arbeidstid lar seg realisere utan store kostnader. Det er særleg eit problem at det er mykje aktivitet søndag.

For det tredje kjem ofte påfølgjande anlaup innanfor tider som er kortare enn minste kviletid. Dette gjer at bruttoarbeidstida kan bli for høg, sjølv om nettoarbeid med lasting/lossing som blir utført, ikkje overskrir det maksimalt tillatne. Når arbeidsmengdene

ved Aker Base blir så store som dei er, trass i at netto liggetid ved kai utanom vanleg dagtid i 1998 sjeldan oversteig 30 timer i veka, må det skuldast for korte periodar mellom to anlaup.

Konsekvensen er at det for bedrifa er ulike former for beredskap, det vil seie at det blir arbeidd når det er båtar inne, som er mest rasjonelt, om mykje daudtid skal unngåast. Her har Aker Base eksperimentert med ulike variantar, med å kombinere arbeid på vanleg dagtid med uthyrking utanfor vanleg dagtid, som er det som blir beteikna som beredskap, og å la arbeid utanfor vanleg dagtid bli utført av eit eige arbeidslag som har fri på dagtid, som er det som blir beteikna som skift.

#### **Alternativ 1: Dagens ordning: Skift i veka, beredskap i helga**

Skift søndag kl 22 til fredag kl 8, tar alle anlaup utanfor dagtid i arbeidsveka. Beredskap fredag kl 16 til søndag kl 22, tar alle anlaup i perioden. Syklusen går over 6 veker, slik at skiftveka er 3. veka etter helgeberedskap og omvendt.

Det er ei viss misnøye med dagens ordning blant dei tilsette, men den er ikkje mykje utbreidd. Det er i første rekke bedriftsleiinga som ønskjer å endre den. Det største problemet er at lasting/lossing i helga blir ivaretake av eit mannskap som har gått vanleg dagtid i veka før. Arbeidet blir derfor utført overtid innanfor same veke. Det blir derfor lett for mykje overtid per veke. Eit anna problem er lange laste/losse- økter og for korte intervall mellom to skipsanlaup.

#### **Alternativ 2: Skift torsdag til tysdag. Beredskap tysdag til torsdag**

Denne arbeidstidsordninga er altså foreslått av ei gruppe på bedrifa og prøvd ut i mai–juni 1999. Skift torsdag ettermiddag til tysdag morgen. Beredskap kveld og natt midt i veka. Skift fredag–torsdag kl 16 til tysdag kl 8, tar alle anlaup torsdag–fredag og mandag tysdag utanfor dagtid og alle anlaup i helga mellom fredag kl 16 og mandag kl 8.

Med dette blir altså arbeid i helga overført til det faste skiftet, medan beredskapen tar seg av kvelds- og nattarbeid tysdag og onsdag, to av dagane med lågast aktivitet i snitt. Dersom denne ordninga var blitt praktisert i 1998 ville det ha redusert talet på veker med meir enn 15 timer overtid frå 20 til 4.

Største minusfaktoren med den føreslalte ordninga er at det er ein god del arbeid seit om natta tysdag–onsdag og onsdag–torsdag, slik at ein må rekne med å klare seg utan eitt skifte på dagtid, i det minste mesteparten av dagen. Dette skulle likevel vere ein fordel samanlikna med dagens ordning då det er fredagen som er dagen med redusert mannskap på dagtid. Fredag er den dagen med nest høgaste aktivitet.

Ei anna ulempe er korte intervall mellom to skipsanlaup slik at kviletida blir for kort. Dette er eit problem både med dagens ordning og den føreslalte, men sidan den siste utvider den samanhengande helgeperioden frå kl 22 søndag kveld til 8 mandag morgen, kan for kort kviletid førekome oftare. Søndag kveld og mandag morgen er ein periode med høg anlaupsfrekvens.

Derimot ser det ikkje ut til at laste/losseaktiviteten i helga er så stor at det samla arbeidet per døgn blir for stort.

### **Alternativ 3: Eitt lag tar alt arbeid utanfor vanleg dagtid.**

Dersom det skal nyttast beredskap i tilknyting til normal arbeidsveke er sannsynlegvis dei valde dagane i alternativ 2 dei som gjev minst total belastning. Men også ved dette alternativet er beredskapsperioden eit mogleg problem. Som eit tredje alternativ kan ein sløyfe beredskapsperioden, og la alt arbeid utanom vanleg dagtid, bli dekka av eit skiftlag og utlikna arbeidsmengda over to veker. Denne ordninga har vore prøvd ut tidlegare, men blei forlatten på grunn av for store arbeidsbelastingar.

Dersom vi tar utgangspunkt i 1998 ville den samla laste/lossetida i dei aller fleste vekene vore under 38 timer (sjå tabell 1).

Tabell 1: Samla laste/lossetid per veko

Timar	Veker
1 til 9	2
10 til 19	19
20 til 29	26
30 til 39	5
40 og meir	1

Dette tar likevel ikkje omsyn til korte periodar mellom to laste/losseøkter. Med såpass mange veker med netto lasting/lossing utanfor vanleg dagtid på meir enn 20 timer, er det stor fare for stor arbeidsmengd.

Eit anna problem er å sikre tilstrekkeleg kvile før påtroppande skiftveke, og kompenasjon for tapt helg. Ein modell kan vere:

Skiftveka: Torsdag 16 til torsdag kl 8, fri torsdag kl 8 til måndag kl 8. Med fem skift vil dette gje samanhengande 4 dagars helg kvar femte veko, sjølv om torsdagen dels vil vere sovedag.

Denne modellen vil vere mest attraktiv for dei tilsette, men vil føre til at det berre er 3 skift til stades dagtid fredag. Dersom dei to dagane med berre 3 skift på dagtid skal tilpassast dagane med lågast aktivitet, må skiftperioden gå måndag til måndag, eller tysdag til tysdag. Her kunne ein også vurdere fri torsdag før påtroppande skiftveke, men dette vil altså redusere mannskapsstyrken på dagtid onsdag med eit skiftlag.

Alternativt kan skiftveka gå onsdag kl 16 til onsdag kl 8 som gjev lengre helg, men då må ein gå dagtid same dag som skiftveka tar til, noko som gjev stor risiko for for lange økter dette døgeret.

Modellen kan i og for seg også basere seg på kortare periodar enn 7 dagar. Dette vil redusere arbeidsbelastinga i perioden, men fører til at det vil gå kortare tid mellom kvart skift, og at skift og friperiodar vil veksle mellom vekedagane.

Dersom vi til dømes baserer oss på skiftperiodar på fire dagar, vil det gå 16 dagar mellom kvart skift. For bedrifta vil det dessutan føre til at dagar med berre 3 skift til stades på dagtid vil veksle og kan treffe på dei med høgast aktivitet.

#### **Alternativ 4: Superfleksi**

I dette alternativet føreset vi at eit arbeidslag har ansvar for alle anlaup opp til ei bestemt akkumulert arbeidsmengde, til dømes normalarbeidsveka på 37,5 timer, for så å vere garantert fri i ein periode. Det spelar altså ingen rolle om skipa kjem innom eller utanfor vanleg dagtid. Den totale laste/lossetida i 1998 var på 1902 timer, noko som gjev 51 skift à 37,5 time. I snitt ville det såleis vore eit skift per veke, men på grunn av varierande arbeidsmengde, vil lengda på beredskapsperiodane variere.

Ordninga vil såleis vere praktisk vanskeleg å administrere, særleg korleis friperiodar skal bereknast. På grunn av korte anlaupsfrie periodar og dobbeltanlaup vil det dessutan vere nødvendig å ha eit beredskapslag i reserve. Dette vil kunne redusere talet på basearbeidarar som er til stades på dagtid. Til gjengjeld er det føresett at desse ikkje treng utføre lasting/lossing.

Det er ikkje noko i vegen for å auke kvoten ut over 37,5 timer for å avspasere, eventuelt kombinere overtidsbetaling med avspasering. Men eg tvilar på om dette lettar dei praktiske koordineringsproblema. Det vil vidare krevje streng disciplin for å unngå å kome i konflikt med Arbeidsmiljølova.

## **4 Generelle konklusjonar og synspunkt**

Føremålet med prosjektet var å greie ut arbeidstidsordningar til bruk i baseverksemndene der OLF/NOPEF har inngått tariffavtalar. Prosjektet skulle utførast i tilknyting til ein forsyningsbase, der Aker Base blei peika ut som objekt for analysen.

Aker Base hadde i fleire år eksperimentert med ulike arbeidstidsordningar utan å finne fram til ei løysing som alle partar var nøgde med.

Det er likevel klart at det var på basen i Tananger problema fanst. Det var ikkje råd å spore særleg misnøye i Dusavika og, rett nok med det unntak at det var ein utstrekkt bruk av overtid også i Dusavika, verka arbeidstidsordninga vel tilpassa driftsmönsteret.

Det er også klart at det ikkje var nokon stor omstillingsvilje i Tananger, og at dei mange diskusjonar om og forsøk med arbeidstid har ført til at ein var lei heile spørsmålet; ei innstilling som eg synest å spore både i driftsleiinga og blant basearbeidarane. Det verka vere ei utbreidd oppfating at dagens ordning er om lag så god så den kan bli, fordi den sikrar tilstrekkeleg fleksibilitet, og at bedrifta får finne seg i å betale for denne fleksibiliteten.

Dette var jo ikkje den beste bakgrunnen for å gjennomføre prosjektet. Det er grunn til å stille seg spørsmålet om ei spørjeskjemaundersøking var den beste metoden. Arbeidsgrupper på bedrifta ville sannsynlegvis betre fått i stand ein kommunikasjon om problema, sjølv om dette også ville vore meir ressurskrevjande å gjennomføre.

I alle høve har tilbakemeldinga til dei tilsette frå prosjektet vore mindre god. Det synes ikkje vore nokon diskusjon om resultata frå prosjektet blant basearbeidarane, trass i at dette var ein føresetnad for gjennomføringa av prosjektet. Det forslaget til ordning som blei lansert, var ikkje eit produkt av arbeidet i referansegruppa, men av ei parallelt arbeidande gruppe på Aker Base. Kommunikasjonen mellom dei to gruppene var mangefull.

Vi kan i ettertid konstatere at Fafo-prosjektet fekk eit noko utvendig forhold til bedifta. Ein viktig grunn til dette er at leiinga meinte det hasta å få til ei ny arbeidstidsordning. Ein annan grunn var at spørjeskjemaundersøkinga ikkje peika ut ein klar retning å gå vidare.

Så lenge vi ikkje har nokon arbeidstidsmodell som vi veit verkar, er det vanskeleg å uttale seg om korleis erfaringane skal spreiaut vidare til andre basar. Dette er jo også avhengig av korleis driftsmønsteret er. Aktiviteten i Tananger er dessutan klart ulik den i Dusavika som er ein rein forsyningsbase. Vi kan likevel prøve oss med nokre konklusjonar.

- Ein revisjon av arbeidstidsordninga føreset at ein har oversikt over aktivitetsmønsteret. Dette burde vere sjølvsagt.
- Det er vidare sjølvsagt at dei tilsette får høve til å uttale seg om eventuelle endringar. På større arbeidsplassar kan spørjeskjema vere ein relevant metode for dette. På mindre skulle det vere mogleg å hente inn synspunkt direkte, i møte og liknande, men også her har spørjeskjema den fordel av det sikrar anonymitet.
- Det er viktig at dei tilsette får tilbakemelding om resultat og høve til å drøfte dei i ettertid. Dette blir det synda mykje mot, og det svikta også på Aker Base.
- Når aktiviteten er regelmessig og relativt høg, som i Dusavika, er skift/overlappande skift ei adekvat ordning. Det ser ut til at dette også lettare lar seg kombinere med avspasering.
- Når aktiviteten er sterkt varierande og låg som i Tananger, peikar to vegar seg ut: Å prøve å overføre aktivitet frå hektiske til mindre hektiske periodar. Det er trass alt ein heil del arbeid på basen som ikkje er lasting/lossing, og som gjer at det på dagtid er eit sterkt arbeidspress. Krav om å vere til stades når kundane ønskjer dette, og problem med å arbeide på natta, er likevel eit hinder for slik aktivitetsoverføring.
- Den andre vegen er å tilpasse arbeidstida. Aktivitetsmønsteret tilseier ei form for beredskapsordning, der superfleksi vil vere det mest logiske, om enn praktisk vanskeleg å få til. Slike ordningar kan lett kome i konflikt med rettane til arbeidstakarane. Vi ønskjer oss ikkje tilbake til tidlegare tiders «oppmøte i porten» når det er arbeid.
- Det verkar i alle høve klart at ei kvar form for beredskap krev større bruk av avspasering/faste fridagar enn i dag, om arbeidsmengda ikkje skal bli for høg. Dette tyder igjen at det enten må tilsetjast fleire på heil/deltid, eller at basen må klare seg med mindre mannskap på dagtid.

# Delrapport I: Driftsmønsteret i Tananger og Dusavika

## Driftsmønsteret

Aker Base er datterselskap av Aker Maritim som igjen er del av Aker-konsernet. Aker Base eig og driv to forsyningsbasar/hamneanlegg ved Stavanger, i Tananger og i Dusavika, og ein ved Kristiansund, Aker Vestbase. Aker Base har i tillegg eigarinteresser i fleire andre basar langs kysten.

Aker Base forvaltar baseområda og leiger ut areal og bygningar til kundar, utfører tenester for leidgetakrar, og produserer basetenester i eigen regi. Det meste av det siste er lasting og lossing av skip, tilsvarande av lastebilar, internttransport på basane og lagerarbeid. Dette omtalar vi samla som *basearbeid*. Dersom ikkje anna er spesifisert, omhandlar denne rapporten basearbeidet i Tananger og Dusavika

Tananger og Dusavika har eit noko forskjellig aktivitetsmønster.

### Dusavika

I Dusavika skjer største delen av lossing og lasting av forsyningsskip (supply-båtar) som transporterer til og frå oljefelta i Nordsjøen. Dei kjem stor sett regelmessig og varslar ved avgang frå feltet om når dei vil vere inne, noko som normalt gjev små feilmarginar. Fleste supply-båtar er inne på dagtid og tidleg kveld. Dei kjem normalt inn i løpet av natta og morgonkvisten, lossar først og lastar deretter med ein liggeperiode mellom, som kan vere ned i null.

All lasting og lossing av supplybåtar skjer med kran. Lossetid kan vare frå få minutt til 2–3 timer, stundom lengre. I tillegg blir det lasta vatn, drivstoff til forsyningsskip og plattformar, boreslam med meir som bulk. Det er under bygging eit landfast anlegg på basen som skal ta over drivstofflastinga. Dette skjer no frå bunkringsfartøy. Det skjer for tida opplæring av spesialmannskap som skal stå for bulklasting, og som skal fordelast med ein på kvart skift.


Skiftlaget består av formann, kranførar, maskinførar og fire mann til anna arbeid.

Anlaupsmønsteret for forsyningsskip i Dusavika fører til relativt regelmessige driftsforhold. Figur 1 viser lasting og lossing som del av samla tid for månadene september til desember 1998.<sup>1</sup>

Vi ser at mesteparten av laste/losse-aktiviteten skjer innom vanleg dagtid, det vil seie 8–16, inkludert laurdag. Det er praktisk talt ingen aktivitet før klokka 8 om morgonen, men

<sup>1</sup> Figuren viser kor stor prosentdel av gjeldande døgnintervall som blir nytta til lasting og lossing. T.d. viser den at torsdagar mellom klokka 20 og 24 blir det lasta/lossa båtar 20 prosent av tida gjennomsnittleg for månadene september til desember. At prosentdelen kan overstige 100, skuldast at det kan vere fleire båtar inne samtidig. Figuren tar ikkje omsyn til liggetid mellom lasting og lossing og omvendt. Når eg ikkje har talt opp lasting og lossing for større del av året, skuldast det at data frå før september berre opererer med samla liggetid, dvs tid frå ankomst til avgang.

Figur 1 Dusavika - lasting/lossing sept til des 1998 (prosent av samla tid)




ein del på ettermiddag og kveld. Vi ser vidare at det er ein viss variasjon i aktiviteten mellom dagar. Størst er aktiviteten på måndag, og det er også relativt mykje lasting/lossing på torsdag og fredag. Sjølv om aktiviteten søndag er klart mindre enn dei andre dagane, skjer ein del lasting/lossing også denne dagen, om lag 20 prosent av tida 8–16, eller i snitt lossing kvar femte søndag på dagtid.

Aktiviteten er noko ujamt fordelt over tid. Særleg ser november 1998 ut til å ha vore ein travle månad. Figur 2 viser maksimum og minimum i losseandel for dei same døgnintervalla. Vi ser at variasjonen er størst i dei tidene av døgeret som har størst aktivitet, det vil seie mellom 8 og 20. Men vi ser også at det på det meste kan vere lossing annankvar søndag på dagtid, og at laurdagen kan ha lasting og lossing heile tida mellom 8 og 16.

Til å dekke aktivitetsmønsteret opererer basen med ei arbeidsordning, der fire skiftlag går vanleg dagtid 8 til 16 i fire veker. Kvar femte veke går eit arbeidslag «skift» frå 13 til 19 måndag til fredag og laurdag 8 til 13. Det er ein uskriven regel at dette skiftet også tar

Figur 2 Dusavika - lasting/lossing sept til des 1998 maks og min (prosent av samla tid)



alt arbeid som måtte falle mellom 19 og 8 mandag til laurdag og mellom laurdag kl 13 og mandag kl 8. Dette blir då rekna og betalt som overtid. Det blir likevel understreka at all overtid er frivillig. Arbeid på overtid blir vanlegvis varsle i god tid, det vil seie innom regelfesta arbeidstid.

Lengste samanhengande fri er frå fredag kl 16 til mandag kl 13 ved påtroppande skiftveke. Ved avtroppande skiftveke risikerer ein derimot å ha berre minste krav til kviletid (10 timer) før ny normal arbeidsveke. Det er også kort fritid i skiftveka mellom at skiftet sluttar fredag ettermiddag kl 19 og starten på skiftet laurdag morgen kl 8.

I tillegg til arbeid med å laste og losse forsyningsskip, blir det også utført arbeid for kundar på basen. Ein reknar at om lag halvparten av omsetninga ved basen kjem frå arbeid for kundar på basen. Dette arbeidet blir for det mest utført på vanleg dagtid.

### Tananger

Drifta i Tananger er organisert i to uavhengige avdelingar, «Hamneterminalen» og «Operasjonen». Dette har samanheng med at ein vesentleg del av aktiviteten i Tananger er knytt til lasting og lossing av linefartøy, skip som går i (relativt) regelmessig trafikk langs norskekysten og mellom Nordsjølanda, og som fraktar stykksgods lasta på pallar og i kontainrarar. Arbeidet føregår både med kran og med truckar.

*Hamneterminalen* sysselset 8 terminalkoordinatorar pluss ein terminalsjef. Terminalkoordinatorane planlegg og leiar lasting og lossing av linefartøya, og utfører elles arbeid med å plassere og registrere inn- og utgående gods.

*Operasjonen* utfører lasting og lossing av lineskip under leiing av terminalkoordinatorane og elles arbeid med internttransport og lagerarbeid på Tananger-basen. Det blir også utført ein del anna laste og lossearbeid, hovudsakleg av forsyningsskip. Dette omfattar både gods og bulk. Men hovudmengda av laste- og lossearbeid som blir utført av dei tilsette i Operasjonen, er av lineskipa.


Lasting og lossing av skipa som blir betjent av hamneterminalen, er meir spreidd i tid og har lågare tidsnyttingsgrad enn i Dusavika.<sup>2</sup> Figur 3 viser kor stor del av dei ulike døgnintervalla det skjer lasting/lossing på dei forskjellige vekedagane. Figuren er basert på anlaup i heile 1998.

Utanom ein klar topp mandag mellom 8 og 12 og ein noko mindre klar topp fredag mellom 04 og 16, er lasting/lossing ved Hamneterminalen nokså jamt fordelt over døgeret. Den er også nokså likt fordelt gjennom veka, sjølv om vi kan ane ein annankvardagssyklus med toppar mandag, onsdag, fredag og lørdag. Denne tendensen blei meir markert mot slutten av året.


På same måten som i Dusavika er det relativt store variasjonar mellom maksimums- og minimumsfrekvens i anlaupsmønsteret. Figur 4 på neste side viser største og minste utnyttingsdel for dei same døgnintervalla.

<sup>2</sup> Eg har berre hatt tilgang til statistiske opplysningar om anløpsmønsteret til lineskipa, men eg er blitt fortalt at forsyningsskipa ikkje utgjer nokon stor del. Men i den grad det skjer lasting og lossing av forsyningsskip kjem dette altså i tillegg.

Figur 3 Hamneterminalen - lasting og lossing til ulike døgntider - heile 1998 (prosent av total tid)



Figur 4 Hamneterminalen - lasting/lossing sept til des 1998 maks og min (prosent av samla tid)



Det er store variasjonar mellom største og minste laste/lossefrekvens. Vi ser også at variasjonane stort sett er korrelert med gjennomsnittleg laste/lossefrekvens, slik at det er dei dagane og periodane der det skjer mest lasting og lossing som også har dei største variasjonane. Måndag, onsdag, fredag og sundag har både høg frekvens og store variasjonar mellom maksimum og minimum.<sup>3</sup> Det er ein tendens til at laste/lossesyklusane ikkje nødvendigvis stansar ved midnatt, men blir trekte over i neste døger, slik at dagar med mykje lasting og lossing blir etterfølgt av dagar då det er høg frekvens første timane etter midnatt.

<sup>3</sup> Den låge frekvensen torsdag ettermiddag er så slåande at det er freistande å meine at det må skuldast feil i data eller berekninga. Eg har til no likevel ikkje vore i stand til å finne nokon feil.

## Arbeidstidsordninga

Hamneterminalen og Operasjonen praktiserer ulike arbeidstidsordningar.

### Operasjonen

Operasjonen har ein femvekerssyklus som vekslar mellom vanleg dagtid og det som blir karakterisert som skift, som i realiteten er ein avtale om fast beredskap for arbeid som fell utanfor vanleg dagtid. Oppmøte skjer altså etter behov. Skiftturnusen er som følgjer:

- |          |   |
|----------|---|
| 1. veke: | vanleg dagtid måndag til fredag 8 til 16  |
| 2. veke: | vanleg dagtid måndag til torsdag 8 til 16, beredskapsvakt fredag 16 til søndag 22 |
| 3. veke: | vanleg dagtid måndag til fredag 8 til 16  |
| 4. veke: | vanleg dagtid måndag til fredag 8 til 16  |
| 5. veke: | beredskapsvakt søndag 22 til fredag kl 8  |

For dette blir det betalt:

- Ordinær grunnlønn for 37,5 timer.
- Fast nattillegg på 1500 kr.
- 50 og 100 prosent i følgje tariffen, det vil seie 50 prosent for arbeid mellom 16 og 21 og 100 prosent for arbeid mellom 21 og 8 og fra fredag kl 16 til mandag kl 8.
- For arbeid ut over 7,5 timer per kveld /natt blei det betalt eit tillegg på 50 prosent.
- For arbeid ut over 37,5 timer per veke blir det betalt eit tillegg på 50 prosent.

Det blir elles betalt spesielle høgtidsdagstillegg. Ved arbeidsøkter som er lengre enn 5,5 timer, er matpausen betalt. Ved meir enn 5 utkallingar innanfor ein skiftperiode, blir det betalt kilometergodtgjersle og for ei minstetid på 3 timer per utrykking.

Det er fleire kritiske faktorar med denne ordninga. Største problemet er at laget som har beredskap i helga har gått vanleg dagtid veka før. Som vi såg, er det relativt stor aktivitet i helga, slik at maksimalgrensa for overtid lett kan bli nådd. Tabell 2 viser kor mykje mange timer det blei utført lasting og lossing mellom fredag kl 16 og søndag kl 22 i 1998.

Tabell 2: Lasting/lossing mellom fredag kl 16 og søndag kl 22. Timar

	Frekvens	Kum frekvens
Ingen LL	2	2
0–5 timer	0	2
5–10 timer	3	5
10–15 timer	27	32
15–20 timer	16	48
20–25 timer	4	52

Vi ser at i 20 av helgane i 1998 overskred lasting/lossing, som blei utført mellom fredag kl 16 og søndag kl 22, 15 timer som er den maksimale grensa for overtid i skiftveka som er tillate i følgje tariffavtalen. Dette er dessutan netto lasting/lossing. Vi har ikkje tatt omsyn til eventuelt arbeid med å førebu lossing, utkallingstid m.m. Vi har heller ikkje tatt omsyn til anlaupsfrie periodar kortare enn minste kviletid på 11 timer.

Derimot ser ikkje lange økter i beredskapsperioden kveld og natt på yrkesdagane frå søndag kl 22 til fredag kl 8 ut til å vere eit særleg stort problem. Tabell 3 viser kor mange timer det blei lasta og lossa mellom kl 16 og kl 8 om morgonen neste dag)

Tabell 3: Lasting og lossing mellom kl 16 og kl 8 neste dag. Timar.

Ingen LL	83
0–2,5 timer	98
2,5–5 timer	67
5–7,5 timer	37
7,5–10 timer	8
10–12,5 timer	3
Meir enn 12,5 timer	2

Det var altså 80 dagar det ikkje var aktivitet på kveld og natt søndag til fredag. Berre 5 døgn oversteig aktiviteten 10 timer. Heller ikkje den akkumulerte aktiviteten i denne perioden er så høg at den ville valda problem: Ingen av vekene oversteig normalarbeidsveka på 37,5 timer, og berre 5 veker hadde meir enn 25 timer med aktivitet.

Største godene er samanhengande fri frå fredag morgen til mandag morgen etter endt veke med nattskift. Men i tilfelle lasting/lossing natt til fredag, vil fredagen gå med til å sove/kvile ut, slik at det i realiteten ikkje vil bli så mykje ekstra fri. Situasjonen i 1998 tyder på at lasting/lossing etter midnatt natt til fredag vil redusere vilkåra for å nytte fredagen som fridag. I 30 av vekene var det aktivitet mellom kl 3 og kl 8 på fredagar.

For bedrifta er derimot fredagfri for skiftet ei ulempe, sidan den må takle den dagen som har nest høgaste aktivitet, med færre mann enn dei andre dagane.

Vi må derfor konkludere med at arbeidstidsordninga til Operasjonen disponerer for mykje overtid. Det er særleg eit problem at laget som har ansvaret for beredskap i helga, har gått vanleg arbeidsveke før dette. Det er relativt stor aktivitet i helga, særleg søndagen. Sidan lasting/lossing på søndagen ofte skjer ut over kvelden og natta, tyder dette at ein må arbeid mest to veker i strekk utan særleg fri.

## Terminalen

Hamneterminalen har eit system som er meir likt det i Dusavika, men med skiftet noko seinare på døgeret, frå 15 til 21. Dei seks utgjør tre lag à to personar. Ein terminalkoordinator går vanleg dagtid frå 8 til 16 og skift kvar sjette veke. Ein skiftperiode startar laurdag og er som følgjer:

- Laurdag kl 8 til 13.
- Søndag 8 til 18, men dette skal totalt utgjere 6,5 timer.
- Måndag til torsdag 15 til 21.

Ein skiftperiode sluttar altså torsdag kl 21, slik at terminalkoordinatoren har langhelg kvar sjette veke frå torsdag kveld til måndag morgen.

Den andre i laget er såkalla «bakvakt». Han går vanleg dagtid, men har i tillegg ansvar for alt arbeid utanfor vanleg dagtid som koordinatoren på skift ikkje greier over. Bakvakt- og skiftperiode er forskyvd slik at ein har bakvakt og skift tredjekvar veke.

Arbeidsfordelinga mellom skift og bakvakt varierer ein del. I nokre arbeidslag prøver skiftmannen å ta alt arbeid utanfor dagtid i den veka, slik at bakvakta får minst mogleg å gjøre. Dette fører til at dei belastande vekene berre kjem kvar sjette.

Samanlikna med Dusavika skjer mykje meir av lasting og lossing i Tananger utanfor vanleg dagtid måndag til fredag. 60 prosent av aktiviteten i Dusavika skjer innom dagtid måndag til fredag, og 22 prosent før midnatt i same periode. Det er rett nok ein viss aktivitet i helga, men det meste av dette er laurdag mellom kl 8 og 16 (9 prosent).

I Tananger skjer det berre 32 prosent av aktiviteten innanfor vanleg dagtid måndag til fredag. Meir skjer utanfor, fordelt med 22 prosent kvar på kveld (fram til midnatt) og natt (midnatt til kl 8). Her er også ein langt større aktivitet i helga med mest 25 prosent av alt laste lossearbeidet. Som vi ser, er dette også spreidd over heile døgeret og største delen av dette (17 prosent) skjer på søndagen.

Tabell 4: Fordeling av lasting og lossing i Tananger og Dusavika vekedagar, helg og tidspunkt

	Tananger			Dusavika		
	Dagtid	Kveld	Natt	Dagtid	Kveld	Natt
Måndag til fredag	32,2	21,8	21,6	60,0	22,3	3,2
Helg	8,7	7,8	7,9	12,6	1,1	4,2

## Konklusjon

### Dusavika

I Dusavika er dagens arbeidstidsordning godt tilpassa driftsmønsteret. At skiftet overlappar med dagtid, gjev største mannskapsstyrken på tidleg ettermiddag då aktiviteten er størst. Skiftet laurdagen forsvarar også sin plass på grunn av relativt stor og regelmessig aktivitet denne dagen.

At det likevel blir relativt mykje overtid, skuldast at det skjer ein del lasting og lossing etter skiftslutt. I tillegg er det ein del aktivitet på søndagen. Sidan det er regelen at skiftet tar dette, kan det bli lange økter. Det ser likevel ut til at det er liten aktivitet etter midnatt, slik at øktene normalt held seg innom 11 timer.

At overtidsbruken er såpass høg for ein del personar i Dusavika, skuldast sannsynlegvis skeiv fordeling av denne mellom dei tilsette. På den andre sida blir det framheva som eit stort pluss at det ikkje er nokon tvang for å ta overtid. Og det ser også ut til at ordninga med tidsbank fungerer godt.

I den grad det er eit ønske om å redusere arbeidsbelastninga, kunne ein vurdere å la skiftveka bli avslutta med frihelg og ikkje som no med påtroppande normalveke. Her er det råd å nytte fleire variantar:

1. Skiftveka frå fredag kl 13 til torsdag kl 19 med normal arbeidsdag fredag. Dette vil gje fri fredag føremiddag framføre påtroppande skiftveke, men vil kunne føre til problem med kviletida natta mellom torsdag og fredag i tilfelle lossing på sein kveld natt til torsdag (dette kunne kanskje kompenserast med å byrje litt seinare på fredag).
2. Skiftveka startar med beredskap fredag kl 19 og sluttar med skift fredag kl 13 til 19. Dette gjev frihelg direkte etter skiftveka, men kan skape problem med kviletida natt til laurdag i tilfelle lossing seint fredag kveld.

Alt i alt ser vi likevel ikkje den store grunne til å endre på arbeidstida i Dusavika.

### Tananger

I Tananger skapar driftsmønsteret betydelig større problem. For det første er aktiviteten spreidd over heile døgeret og veka. For det andre er kapasitetsutnyttinga mesteparten av tida låg. Utanom mandag føremiddag då det i snitt skjer lasting/lossing heile tida, og fredag føremiddag, då det skjer halve tida, fyller lasting/lossing i snitt mellom 10 og 40 prosent av tida. For det tredje opptrer dei aktivitetstoppene som avteiknar seg, mandag, fredag, søndag og, noko mindre, onsdag, noko som gjer det vanskeleg å finne eit system for å samle opp blokkfritid. Eit særleg stort problem er den høge aktiviteten søndag.

Aker Base har siste året prøvd å dekke aktiviteten med ei arbeidsordning som vekslar mellom vanleg dagtid, kvelds- og nattskift kvar sjette veke, og beredskapsvakt i helga etter endt normalveke kvar sjette veke. Kvelds- og nattskiftet fungerer rimeleg godt. Sjølv om det går over 16 timer er aktiviteten såpass låg at det ikkje ser ut til at dette fører til store arbeidsbelastningar. Skiftveka sluttar dessutan med fri fredagen, og gjev høve til langhelg kvar sjette veke. Rett nok kjem det såpass ofte båtar seint natt til fredagen at høvet til å nytte fredagen som fridag er noko redusert.

Problemet er at aktiviteten i helga blir tatt hand om av eit mannskap som har gått normal arbeidsveke fram til helga. Alt arbeid i helga blir derfor overtid. Sidan det er relativt stor aktivitet i helga, fører dette til at grensene for overtid i veka blir ein flaskehals. 20 veker i 1998 overskred netto lasting/lossing i helga 15 timer. I tillegg kjem at periodane mellom to skip ofte var kortare enn 11 timer, slik at kravet om minste kviletid fekk verknad.

# Vedlegg:

## Analyse av føreslått arbeidstidsordning i forhold til driftsmønsteret i 1998

